

## Bygging på campingplassar

**Reglar for utnytting av areal rundt campingvogner på campingplassar. Vedteke i kommunestyre den 14.04.2011, sak 39/11.**

1. Tiltak i tråd med vedtekne retningsliner skal i alle høve avklarast med campingplassseigar. Kvar enkelt campingplassseigar kan ha "strengare" reglar enn det vedtektene tilseier.
2. Maksimal høgde på golv og terrasse må ikkje vere over 50 cm. Målt frå gjennomsnittleg terrenghøgde rundt golv/terrasse og til overkant golv/terrasse.
3. Det kan byggast levegg/skjermvegg med høgde inntil 1,80 meter i ei lengde på maksimalt 3,00 meter.
4. Det kan byggast rekkverk med maksimal høgde på 0,7 meter.
5. Standard fortelt i stoff kan settast opp. Tilbygg må tilpassast vogna i materialval, form, farge (Isocamp eller tilsvarende) og vere i sikker konstruksjon. Det er ikkje lov med eigenprodusert plassbygd tilbygg.
6. Det må settast strenge krav til utsjånad på det som gjerast rundt campingvognene. Dette vil vere campingplassseigar sitt ansvar å ettersjå.

BRANNVEDTEKTENE ER OVERORDNA DESSE REGLANE